



Giske rådhus

4 Diverse tenesteområde

Ramme 4 omhandlar sosiale tenester som vert gitt av NAV Giske.

3. Driftsbudsjett

Teneste	4 - Diverse tenesteområde - kommunedirektøren sitt forslag	Regnskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
	alle tal i heile 1 000						
2420	SOSIAL RÅDGJEVING OG VEILEDNING	1 935	2 504	3 299	3 299	3 299	3 299
2760	KVALIFISERINGSPROGRAM	1 202	1 036	1 209	1 209	1 209	1 209
2810	ØKONOMISK SOSIALHJELP	3 552	3 851	3 193	2 905	2 905	2 905
2851	NAV DRIFT - STATLEG DEL	-6	-3	7	7	7	7
3250	NÆRINGSKONTORET	1 183	0	0	0	0	0
3253	JORD- OG SKOGBRUK	525	0	0	0	0	0
3610	VILTFORVALTNING	148	0	0	0	0	0
	Sum ramme 4 Diverse tenesteområde	8 538	7 388	7 707	7 419	7 419	7 419

Tenestene 3250 Næringskontoret, 3253 Jord- og skogbruk og 3610 viltforvaltning er frå 2021 flytta til ramme 2 Kommuneleing - Stab, kultur, service og næring

4.4 Sosialtenesta, Nav

Lov om sosiale tenester i NAV inngår i kommunen sitt samla velferdsansvar og omhandlar kommunale tenester og oppgåver som NAV Giske skal utføre og medverke i. Dei obligatoriske kommunale tenestene (minimumsløysinga) som inngår i NAV Giske er opplysning, råd og rettleiing (medrekna økonomisk rådgjeving), økonomisk stønad, mellombels bustad, individuell plan og kvalifiseringsprogrammet.

Ut over minimumsløysinga deltek NAV Giske i Intro-programmet for flyktningar, som og er ei kommunal teneste, med arbeidsrelatert opplæring/bistand.

Oppgåvene er til dels forankra i lov, som økonomisk sosialhjelp, og i nasjonale program som kvalifiseringsprogrammet. Desse er førande for kommunen sitt arbeid i høve grupper som treng særskild oppfølging. Giske kommune og NAV Giske har eit tett og godt samarbeid, vi ser at det gjer tenestene kvalitativt betre og heng betre saman. Kvalifiseringsprogrammet og kvalifiseringsstønad må sjåast i samanheng med økonomisk sosialhjelp. Kvalifiseringsprogrammet er regjeringa sitt viktigaste

verkemiddel i kampen mot fattigdom. Målet med programmet er å fremje overgang til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltaking i samfunnet ved hjelp av tettare og meir forplikta bistand og oppfølging, også i dei tilfella vegen fram kan vere relativ lang og usikker.

4.6 Utfordringar og satsingsområder for sosiale tenester

4.6.1 Spesielle utfordringar:

- Vi erfarer at busette flykningar har hatt større behov for sosiale tenester også under introduksjonsprogram
- Endra statlege regler har ført til fleire brukarar som må ha sosialstønad og høgare kostnad pr. brukar (mellom anna som følge av høgare stønadssatsar og levekostnader)
- Arbeide med alternative tiltak for å halde budsjett innan økonomisk sosialhjelp
- Flere brukarar med meir komplekse gjeldsproblem
- Auka tal brukarar med samansette utfordringar
- I møtekomme nye oppgåver og krav til tenesteutvikling
- Vidareutvikle samarbeid mellom NAV og kommunen
- Ein arbeidsmarknad som har større krav til kompetanse

4.6.2 Satsingsområde for tenestene

- Arbeide for tettere samarbeid med kommune og privat næringsliv ved hjelp av en prosjektstilling som jobbløs
- Tett oppfølging av utsatte grupper ved hjelp av jobbløs for å styrke arbeidsinkludering
- Arbeide for å implementere Digitale innbyggertjenester - Sosiale tenester i NAV (Digisos) for å betre kvaliteten og effektiviteten på saksbehandling ytterlegare etter Lov om sosiale tenester, frigi tid til ytterlegare fokus til sosialfagleg arbeid og kome raskare i gong med oppgåver som gjer brukarane sjølvhjelpete
- Oppretthalde fokuset på konkrete og individuelle vurderingar i saksbehandlinga knytt til vedtak om økonomisk sosialhjelp, slik at nivået på KOSTRA-tala samanlikna med behovsjustert indeks blir oppretthalde
- Oppretthalde fokus og satsing på gjeldsrådgeving
- Oppretthalde fokus og satsing på Kvalifiseringsprogrammet
- Oppretthalde fokuset på vilkår om aktivitet (aktivitetsplikt) ved tildeling av økonomisk sosialhjelp
- Auka innsats for å betre overgang til arbeid for flyktingar

4.6.3 Styringskort og styringsindikator

Fokusområde	Mål	Måleindikator	Resultat per okt.2021	Resultatmål 2022
Brukere	Auke tal brukarar som nyttar digitale tenester	Brukarar på sosialområdet som kan nytte digitale tenester skal nytte DIGISOS som plattform for søknader om sosialhjelp.	61%	90%, sidan ikkje alle brukarane er digitale
	Oppretthalde fokus og satsing på gjeldsrådgjeving	Alle som melder behov skal få tilbod om bistand	19	25
	Vurdere Kvalifiseringsprogrammet (KVP) for brukarane og tilby program til alle som fyller vilkåra	Giske kommune har i rammetilskotet fått budsjett til 7 brukararar i KVP	7	7
	Sette vilkår om aktivitet ved tildeling av økonomisk sosialhjelp til brukarar under 30 år.	Følge intensjonen i Sosialtjenesteloven § 20	100%	100%
Medarbeidere	En trygg og sikker arbeidsplass	NAV Giske sin Verksemdsplan	Følgjer NAV Giske sin Verksemdsplan	Systematisk HMS-arbeid
	Systematisk HMS-arbeid	NAV Giske sin HMS/IA plan	Følgjer NAV Giske sin HMS/IA plan	Følgje NAV Giske sin HMS/IA plan
	God økonomistyring	Avvik i % av vedtatt netto driftsramme	Mindreforbruk kr 600 000	Halde tildelt budsjett. Drift i balanse